



NVE ved saksbehandlar Magnus Elton Veflen

Jondal 28.1.2026

Høyringsfråsegn saksnummer 202511193

Folgefonna Bæreforlag har sidan 1994 tilbydd guida turar på Folgefonnhalvøya, og sidan 2015 har me tilbydd spektakulære guida kajakkurar i Møsevatnet øvst i Blådalen. For oss vil det ha svært dramatiske konsekvensar dersom me ikkje får køyra på vegen frå fylkesveg 5024 til Møsevatn (pkt. 4 på kartet i figur 1 i søknaden til SKL), me må då leggje ned tilbodet som me har bygd opp over dei 10 siste åra.

Konsekvensane for oss er eit stort inntektstap, minimum ca. 1 MNok. Over tid har me investert betydelege ressursar i marknadsføring, produktutvikling og internasjonal profilering av kajakktilbodet i Blådalen. Dette inkluderer samarbeid med turoperatørar, reiselivspartnarar og digitale kampanjar retta mot utanlandske gjester. Alt dette vil bli tapt dersom vegen blir stengt for oss, og det vil ta lang tid å byggja dette opp igjen. Dette tilbodet er også ein flott kontrast til dei andre turane me tilbyr, så sal av andre turar me har kan bli påverka negativt også. Les gjerne meir om våre guida kajakk turar på Møsevatn her: <https://www.folgefonna.no/tours/glacier-kayak>

Våre guida turar i Møsevatn er ein «Reason to go» for mange til regionen, dersom me må leggje ned tilbodet estimerer me ringverknader i regionen (mat, overnatting, transport mm.) til eit omsetnings tap på ca. 10 Mnok. Turane våre blir marknadsført via destinasjonsselskapa Visithardangerfjord og Visitsunnhordaland, noko som igjen fører til profilering hjå Fjord Norge og VisitNorway.

Me forstår at SKL må prioritera sikkerheit i anleggstida, men me meiner dei må kunne klare å organisere dette på ein sånn måte at me, og våre kundar kan få fortsetja å bruka vegen opp til Møsevatn. Me kjenner ikkje til at vår aktivitet har vore til noko problem for SKL og anleggstrafikk til no, samarbeidet har vore bra. Padlesesongen vår er frå ca. 20. juni når vegen er utan snø og vatnet er isfritt, til vinteren kjem attende i midten av oktober. Me møter kundane våre i Rosendal og samkøyrer opp til Møsevatnet ca. kl. 11:00, med retur til Rosendal ca. kl. 15:30.

Vonar NVE tek omsyn til oss, ser verdien av tilbodet me har i Møsevatnet, og legg inn som vilkår til SKL at me og våre kundar får nytta vegen så me framleis kan tilby guida kajakkurar i Møsevatnet.

Beste helsing

Åsmund Bakke
Manager